



HAVFORSKNINGSINSTITUTTET
INSTITUTE OF MARINE RESEARCH

PANTONE 288 C

KONKURRANSEGRUNNLAG

Open anbodskonkurranse

etter FOA del I og II

Rammeavtale medieovervaking

Saksnr. 2016/1184

Innhald

1	Om oppdragsgivaren	4
1.1	Oppdragsgivar	4
1.2	Kontaktpunkt hjå oppdragsgivaren	4
2	Oversikt over konkurransedokument.....	5
3	Kjøp av tenester	6
3.1	Formål og innhold	6
3.2	Kontrakttype og omfang	6
3.2.1	Lengd.....	6
3.2.2	Omfang.....	6
3.2.3	Tal på leverandørar.....	6
4	Konkurransegjennomføring	7
4.1	Kunngjering	7
4.2	Regelverk og innkjøpsprosedyre.....	7
4.3	Framdriftsplan.....	7
4.4	Tilbodssynfaring/tilbodskonferanse.....	7
4.5	Språk	7
4.6	Kommunikasjon	7
4.7	Tilbydaren sine deltakingskostnadar.....	8
4.8	Spørsmål til konkurransegrunnlaget	8
4.9	Rettingar, endring og/eller supplering av konkurransegrunnlaget	8
4.10	Alternative tilbod	8
4.11	Deltilbod	8
4.12	Atterhald og avvik.....	8
4.13	Tilbakekalling av tilbod	8
4.14	Retur av tilbod.....	9
5	Særlege avtalevilkår.....	10
6	Konfidensialitet og innsyn	11
6.1	Konfidensialitet.....	11
6.2	Innsyn.....	11
7	Krav til tilbodet	12
7.1	Tilbodsfrist.....	12
7.2	Leveringsmåte og leveringsadresse.....	12
7.3	Formkrav og struktur	12
7.3.1	Generelt	12
7.3.2	Innhald og struktur	12
8	Kvalifikasjonskrav	13

8.1	Om kvalifikasjonskrava	13
8.2	Obligatoriske krav.....	13
8.3	Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar	13
8.4	Bruk av underleverandørar/samarbeidspartnarar	13
9	Tildelingskriterium	15
10	Opning, evaluering og avslutning av konkurransen.....	16
10.1	Opning av tilbod.....	16
10.2	Evaluering	16
10.3	Avvising av tilbod.....	16
10.4	Avlysing av konkurranse	16
10.5	Melding om val av leverandør	16
10.6	Klage	16

1 Om oppdragsgivaren

1.1 Oppdragsgivar

Oppdragsgivar for denne anskaffinga er Havforskningsinstituttet(HI) og Nasjonalt insitutt for ernærings- og sjømatforskning (NIFES)

Havforskningsinstiuttet:

Med over 750 tilsette er Havforskningsinstituttet det største marine forskingsmiljøet i Noreg. Hovudansvaret vårt er å forske for å kunne gi råd til det offentlege om akvakultur og om økosystema i Barentshavet, Norskehavet, Nordsjøen og den norske kystsona. Om lag halvparten av aktivitetane til Havforskningsinstituttet er finansiert av Nærings- og fiskeridepartementet (NFD).

Havforskningsinstituttet har hovudkontor i Bergen, men viktige delar av aktiviteten går føre seg på lokalavdelinga i Tromsø, på forskingsstasjonane i Matre, Austevoll og Flødevigen, samt på fartøy.

For meir informasjon om oppdragsgivaren, sjå: <https://www.imr.no>.

Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning:

NIFES er eit forskningsinstitutt med forvaltningsoppgåver, knytt til Nærings- og fiskeridepartementet. Instituttet driv forsking knytt til ernæring; fôr til fisk - og fisk som mat og driv rådgiving til støtte for myndigheiter, næring og forvaltning i arbeidet for å sikre trygg og sunn sjømat, både frå fiskeri og akvakultur. NIFES har ca. 140 tilsette.

For meir informasjon om oppdragsgivaren, sjå: <https://www.nifes.no>.

1.2 Kontaktpunkt hjå oppdragsgivaren

E-POST:	anskaffelser@imr.no
----------------	---------------------

2 Oversikt over konkurranse dokument

Konkurransegrunnlaget er delt i to deler. Del I inneholder dokument knytt til gjennomføring av konkurransen. Del II inneholder rammeavtale med vedlegg.

Del I:

Vedlegg	Innhold
	Konkurransegrunnlag (dette dokumentet)
Vedlegg 1	Forpliktingserklæring
Vedlegg 2	Tilbodsbrev
Vedlegg 3	Referanseskjema

Del II:

Vedlegg	Innhold
	Rammeavtale
Bilag 1	Kravspesifikasjon
Bilag 2	Leverandørens tilbod
Bilag 3	Administrative vilkår
Bilag 4	Samla pris- og betalingsvilkår
Bilag 4a	Prisskjema
Bilag 5	Endringar før avtaleinngåing
Bilag 6	Endringar etter avtaleinngåing

3 Kjøp av tenester

3.1 Formål og innhold

Oppdragsgivar har behov for å inngå ny rammeavtale på medieovervaking i samsvar med krava som går fram av Bilag 1 – Kravspesifikasjon.

3.2 Kontrakttype og omfang

3.2.1 Lengd

Rammeavtalen skal ha ei lengd på 2 år med opsjon for Oppdragsgivar til å forlenge rammeavtalen i inntil ytterlegare 2 år, totalt maksimalt 4 år.

3.2.2 Omfang

Verdien på anskaffinga er estimert til å ligge noko under 1 MNOK eks mva. for heile rammeavtaleperioden, inklusiv opsjonar. Det kan bli vesentlige endringar i volum, mellom anna på grunn av budsjettvedtak og endringar i aktivitetar. Estimatet er ikkje bindande for Oppdragsgivars uttak i avtaleperioden.

3.2.3 Tal på leverandørar

Oppdragsgivar skal teikne rammeavtale med éin (1) leverandør.

4 Konkurransegjennomføring

4.1 Kunngjering

Konkurransen er sendt til kunngjering i DOFFIN-databasen (www.doffin.no) på dato oppgitt i pkt. 4.3.

4.2 Regelverk og innkjøpsprosedyre

Innkjøpet vert gjort i samsvar med gjeldande lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser (LOA) og forskrift 7. april 2006 nr. 402 om offentlige anskaffelser (FOA) del I og II.

Innkjøpet vert gjennomført som ein open anbodskonkurranse, jf. FOA § 5-1 (1). Denne prosedyren gjev alle interesserte tilbydarar høve til å levera tilbod.

4.3 Framdriftsplan

Oppdragsgivaren har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Sendt til kunngjering i Doffin	23.09.2016
Frist for spørsmål til konkurransegrunnlaget	14.10.2016 kl. 12:00
Tilbodsfrist	24.10.2016 kl. 12:00
Testperiode	31.10.2016 -14.11.2016
Vedståingsfrist	24.01.2017

Det vert gjort merksam på at framdrift etter tilbodsfristen er tentativ og endringar kan gjerast.

4.4 Tilbodssynfaring/tilbodskonferanse

Det vil ikkje haldast tilbodssynfaring/tilbodskonferanse.

4.5 Språk

Alle dokument og all kommunikasjon som omhandlar denne konkurransen skal vera/gå føre seg på norsk. Det vert gjort merksam på at det same kravet også vil gjelda i gjennomføringa av rammeavtalen.

4.6 Kommunikasjon

Kommunikasjon skal gå føre seg pr. e-post til Oppdragsgivaren sin kontaktperson som oppgitt i pkt. 1.2 på språk i samsvar til språkkrava i pkt. 4.5.

Ingen andre personer enn Oppdragsgivar sin kontaktperson har myndighet til å svara på vegne av Oppdragsgivaren i samband med denne konkurransen.

4.7 Tilbydaren sine deltakingskostnadar

Kostnadar som tilbydaren pådreg seg i samband med utarbeiding, levering, og oppfølging vil ikkje bli refundert.

Deltaking vil ikkje på nokon måte forplikta Oppdragsgivaren til å inngå kontrakt med leverandør, eller involvere Oppdragsgivaren i økonomiske forpliktingar.

4.8 Spørsmål til konkurransegrunnlaget

Eventuelle spørsmål tilbydarane måtte ha til konkurransedokumenta må fremjast innan fristen oppgitt i pkt. 4.3.

Spørsmål skal sendast skriftleg pr. e-post til Oppdragsgivaren sin kontaktperson, jf. pkt. 1.2

Alle spørsmål vil bli svart på i anonymisert form og gjort tilgjengeleg for alle i Doffin i god tid før utløpet av tilbodsfristen.

4.9 Rettingar, endring og/eller supplering av konkurransegrunnlaget

Innan utløpet av tilbodsfristen har Oppdragsgivaren rett til å gjera rettingar, suppleringar og/eller endringar i konkurransegrunnlaget som ikkje er vesentlege.

Rettingar, suppleringar eller endringar vil bli gjort tilgjengeleg for i Doffin.

Dersom Oppdragsgivaren vurderer at det er naudsynt med utvida tilbodsfrist grunna rettingar, endringar og/eller suppleringar vil dette bli kommunisert til alle i Doffin.

4.10 Alternative tilbod

Det vil ikkje opnast for levering av alternative tilbod i konkurransen.

4.11 Deltilbod

Tilbydarar kan ikkje levera tilbod som berre omfattar delar av omfanget av rammeavtalen.

4.12 Atterhald og avvik

Tilbod som inneheld vesentlege etterhald til eller avvik frå konkurransegrunnlag og/eller rammeavtalen vil bli avvist.

Atterhald og avvik skal opplysast presist og eintydig slik at Oppdragsgivaren kan evaluera tilboden utan å ta kontakt med tilbydaren. Atterhald og avvik skal på ein klår og presis måte referera til relevant vedlegg og punkt i konkurransegrunnlaget og/eller rammeavtalen.

4.13 Tilbakekalling av tilbod

Tilbod kan tilbakekallast eller endrast inntil utløpet av tilbodsfristen. Tilbakekalling skal skje skriftleg. Endring av tilboden er å rekna som eit nytt tilbod.

4.14 Retur av tilbod

Oppdragsgivaren vil ikke returnera innsendte tilbod.

5 Særlege avtalevilkår

Denne konkurransen omfattar tenester, og rammeavtalen vil innehalda krav om løns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift 8. februar 2008 nr. 112 om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter.

6 Konfidensialitet og innsyn

6.1 Konfidensialitet

Informasjon som partane blir kjent med i samband med konkurransen og gjennomføringa av kontrakten skal behandlast konfidensielt, og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan etter samtykke frå den andre parten. Teieplikta er likevel ikkje meir omfattande enn det som følgjer av forvaltningsloven, jf. lov 10. februar 1967 eller tilsvarende sektorspesifikk regulering, samt etter offentleglova.

6.2 Innsyn

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbod og innkjøpsprotokoll, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjort er tilbod og protokollar som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokre unntak frå innsynsretten i offentleglova. Av desse unntaka er unntaket for innsyn i opplysningar som er underlagt teieplikt i lov eller i medhald av lov, jf. offentleglova § 13, jf. forvaltningsloven § 13.

Ved krav om innsyn skal Oppdragsgivaren gjera ei konkret og sjølvstendig vurdering av kor vidt opplysningane tilbydaren har lista opp er av en slik art at Oppdragsgivaren pliktar å nekta innsyn, jf. offentleglova § 29.

Oppdragsgivaren er pålagt å følgja prinsippet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

7 Krav til tilbodet

7.1 Tilbodsfrist

Tilbodet skal vere levert i Mercell innan tilbodsfristens utløp. Det vil ikkje vere tilgang til å levere etter fristen er utløpt.

7.2 Leveringsmåte og leveringsadresse

Alle tilbod skal leverast elektronisk via Mercell-portalen, www.mercell.no innan utløpet av fristen.

7.3 Formkrav og struktur

7.3.1 Generelt

Tilbodet vil vera eit uttømande grunnlag for evaluering basert på tildelingskriteria.

Tilbydaren er sjølv ansvarleg for at alle kvalifikasjonskrav, tildelingskriterium og andre krav i konkurransen vert svart på og dokumentert.

7.3.2 Innhold og struktur

Tilbodet skal bestå av dei elementa som er oppført i tabellen under:

Dokumentrekkefølgje:	Kommentarar:
1. Tilbodsbrev	Jf. del I vedlegg 1
2. Dokumentasjon av kvalifikasjonskrav	
2.1. Dokumentasjon ved bruk av underleverandører/samarbeidspartnarar	Sjå konkurransegrunnlaget pkt. Feil! Fant ikke referansekilden..
2.2. Dokumentasjon av obligatoriske krav	Sjå konkurransegrunnlaget pkt. 8.2.
2.3. Dokumentasjon av tekniske og faglege kvalifikasjonar	Sjå konkurransegrunnlaget pkt. 8.3.
3. Dokumentasjon knytt til tildelingskriterier	Sjå konkurransegrunnlaget pkt. 9.
4. Annan relevant informasjon	

8 Kvalifikasjonskrav

8.1 Om kvalifikasjonskrava

Kvalifikasjonskrava er absolutte krav. Manglende oppfylling av kvalifikasjonskrav vil medføra avvisning fra konkurransen, jf. FOA § 11-10.

8.2 Obligatoriske krav

Krav	Dokumentasjonskrav
Tilbydaren skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsgjevaravgift og meirverdiavgift.	<p>For norske tilbydarar:</p> <p>Attest for skatt og meirverdiavgift. Attesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfrist. Attesten kan hentast elektronisk i Altinn. For nærmere informasjon, sjå Skatteetaten.no.</p> <p>For utanlandske tilbydarar:</p> <p>Utanlandske tilbydarar må legge fram tilsvarende attestar frå sine land som viser at dei har ordna skatte- og avgiftsforhold. Dersom myndighetene i det aktuelle landet ikkje skriv ut slike attestar, skal tilbydaren legge fram ei fråsegn som stadfester at alle skatter og avgifter er blitt betalt. Fråsegna skal vere godkjent og signert av tilbydarens økonomiansvarlig.</p>

8.3 Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjonskrav
Tilbydar skal ha god erfaring frå tilsvarende oppdrag	<p>Tilbydar skal legge ved liste over dei viktigaste leveransane eller utførte tenestene siste tre år.</p> <p>Tilbydar skal opplysa om namn på kunde, verdi, tidspunkt, kort skildring av oppdraget.</p> <p>Bruk gjerne vedlegg 3</p>

8.4 Bruk av underleverandørar/samarbeidspartnarar

Dersom tilbydaren planlegg å nytta underleverandørar eller samarbeidspartnarar i samband med gjennomføring av kontrakten skal desse identifiserast i tilbodet med opplysningar om kva tenester eller kva fagområde disse skal bidra innan.

Dersom tilbydaren ynskjer å støtta seg på underleverandørar eller samarbeidspartnarar for oppfylling av kvalifikasjonskrav relatert til tekniske og faglege kvalifikasjonar, jf. pkt. 8.3, skal tilbodet innehalda naudsynt dokumentasjon knytt til underleverandør eller samarbeidspartnar. I slike tilfelle skal kvalifikasjonssøknaden også innehalda ei signert forpliktingserklæring, samarbeidsavtale eller liknande som stadfestar at tilbydaren vil ha rådigheit over de naudsynte ressursane. Mal for forpliktingserklæring er vedlagt i del I vedlegg 1.

Type dokumentasjon frå underleverandør	Kommentar
Forpliktingserklæring / samarbeidsavtale	Bruk Vedlegg 1. Sjå også informasjon under.
Dokumentasjon på oppfylling av dei kvalifikasjonskrav tilbydar støtter seg på underleverandør for å oppfylla.	Gjeld bare dei kvalifikasjonskrava som tilbydar støttar seg på underleverandør for å oppfylle – det kan gjelde økonomisk og finansiell stilling og/eller teknisk og faglege kvalifikasjonar

9 Tildelingskriterium

Kontrakten vert tildelt den tilbydaren som har det økonomisk mest fordelaktige tilbodet basert på kriteria nedanfor:

Tildelingskriterium	Dokumentasjon	Vekt
Pris <ul style="list-style-type: none">• Totalsum	<ul style="list-style-type: none">• Utfylt Bilag 4a - Prisskjema	40 %
Kvalitet <p>Under dette tildelingskriteriet vil vi vektlegge følgjande forhold:</p> <ul style="list-style-type: none">• Funksjonalitet• Brukargrensesnitt• Kvalitet på demosøk	<ul style="list-style-type: none">• Utfylt Bilag 1 - Kravspesifikasjon• Tilgang til testing av system - 2 veker.	60 %

10 Opning, evaluering og avslutning av konkurransen

10.1 Opning av tilbod

Det vil ikkje bli arrangert offentleg opning. Opning vert gjort av to eller fleire representantar for Oppdragsgivaren i fellesskap og det vert ført eigen opningsprotokoll.

10.2 Evaluering

Evaluering vil skje på grunnlag av innlevert skriftleg dokumentasjon.

Oppdragsgiver vil gje best score til det beste tilbodet under kvart tildelingskriterium. Beste score er sett til 10 poeng. Dei andre tilboda vert tildelt score etter relative avvik frå beste tilbod.

10.3 Avvisning av tilbod

Avvisingsreglane i FOA § 11-11 kjem til bruk. Tilbydarane vert oppmoda om å gjera seg kjent med desse.

10.4 Avlysing av konkurranse

Oppdragsgivaren kan avlysa konkurransen ved sakleg grunn, jf. FOA § 13-1 (1). Som sakleg grunn vert rekna blant anna bortfall av planlagt finansiering, manglende godkjenning frå politisk hald og manglende konkurranse.

10.5 Melding om val av leverandør

Etter at val av leverandør er gjort vil alle tilbydarane informerast skriftleg om dette.

Meldinga vil innehalda namn på kven som er tildelt kontrakt samt ei grunngjeving for valet, jf. FOA § 11-14.

Meldinga vil også angje tidspunkt for utløp av karensperioden.

10.6 Klage

Tilbydarar kan klaga på val av leverandør.

Dersom Oppdragsgivaren finn at tildelingsavgjerdar ikkje er i samsvar med tildelingskriteria kan tildelingsavgjerdar annullerast fram til kontrakt er signert.